



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Ingrid Marie Johnsen

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
23/117746-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
20.07.2023

Dispensasjon frå byggegrense – Ev. 39 – Osterfjordvegen – Gnr. 240 bnr. 5 m.fl. – Alver kommune

Vi viser til mottatt søknad om dispensasjon frå byggegrense mot E39 – Osterfjordvegen, gnr. 240 bnr. 5. Saka som består av søknadsskjema, kart og følgjebrev frå Sweco AS er oversendt frå Alver kommune og mottatt ved Statens vegvesen den 21.06.2023.

Det er søkt om dispensasjon frå veglova § 29 for framføring av vannledning, samt etablering av borehol under E39. Av Samferdselsdepartementet sin «Veileder til ledningsforskriften» følgjer det:

«Det er ikke anledning til å plassere bygninger og større innretninger innenfor byggegrensen uten å søke vegmyndigheten om godkjenning. Denne begrensningen gjelder også for nettstasjoner og andre byggverk m.v. i tilknytning til ledningsanlegg. Hvis ønsket plassering inngår i en reguleringsplan, er det planmyndighetene som eventuelt gir dispensasjon. Hvilke krav som gjelder etter plan- og bygningsloven omfattes ikke av denne veilederen.»

Vi ser at ein mindre del av tiltaket ligg innanfor regulert område, (*Eikanger næringsområde, PlanID 4631_1263-201114*) der kommunen er dispensasjonsmynde etter plan- og bygningslova. Resterande del av tiltaket ligg i uregulert område der Statens vegvesen er dispensasjonsmynde etter veglova.

Statens vegvesen har på bakgrunn av dette fatta følgjande vedtak for den del av tiltaket som ligg i **uregulert** område:

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vedtak

Med heimel i veglova gir vi dispensasjon frå byggjegrensa mot E39 for å etablere vannledning på gnr. 240 bnr. 5. mfl. i Alver kommune. Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve veglova, og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggjegrenser i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal plasserast i samsvar med vedlagte situasjonsplan frå Sweco, datert 28.04.2023.
2. Tiltaket kan ikkje setjast i gang før det ligg føre godkjend graveløyve frå Statens vegvesen. For søknad om graveløyve sjå <https://www.vegvesen.no/fag/veg-og-gate/gravetillatelse/>
3. Tiltaket må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at innretninga ligg nær E39.
5. Arbeidet må vere starta opp innan 3 år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.
6. Dersom tiltaket vert etablert i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan tiltaket krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Grunniving for vedtaket

Byggjegrensene skal ta vare på trafikktryggleiken, vedlikehaldet og drifta av vegnettet, det framtidige arealbehovet ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedommane langs vegen. Tiltaket ligg i kommuneplan for Lindås 2019–2031 innanfor bandleggingssone H710_10 for planlegging av ny E39. Etter Statens vegvesen si vurdering vil det omsøkte tiltaket ikkje vere i konflikt med dei omsyna bandleggingssona skal ivareta. Vi kan heller ikkje sjå at vannleidinga vil skape problem med omsyn til drift av E39 og viser til at det vil bli satt nærare vilkår knytt til gjennomføring av arbeidet i vedtaket om graveløyve. På bakgrunn av dette har vi komme fram til at vi kan gi dispensasjon frå byggjegrensa.

Klage

Du kan klage på vedtaket, jf. *forvaltningslova* §§ 28–36. Fristen for å klage er tre veker frå du har fått vedtaket. Klageinstansen er Vegdirektoratet, og ei eventuell klage skal sendast til:

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

E-post: firmapost@vegvesen.no

Rett til innsyn i saksdokumenta går fram av §§ 18–19 i *forvaltningslova*.

Transportforvaltning

Med helsing

Olav B. Aga
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg:

Situasjonsplan datert Sweco 28.04.2023